

Kyrkjeblad for Lom

Nr. 3 2016

Bøverdalen - Lom - Garmo

75. årgang



Kyrkjeblad for Lom + Lomsnytt = sant!

Vi har fått svært mange attendemeldingar på det «nye» kyrkjebladet, alle i positiv lei. Mange takk for dette! Det tyder på at vi har treft rett med omsyn til informasjon frå kommunen som fleire har sakna i papirform, og at vi ikkje trengde å vere redde for å tenkje nytt.

Vi er svært glade for innspel til vegen vidare, nøl ikkje med å ta kontakt med oss i redaksjonsgruppa!

NYPROSTIPREST

Vi ynskjer Anna Elísabet Gestsdóttir (Lísa) velkommen som ny prostiprest i Nord-Gudbrandsdal prosti! Lísa er 48 år, har arbeidd som lærar og diakon, og utdannar seg no til prest ved Kirkelig Utdanningssenter i Nord, Universitetet i Tromsø.

Da Lísa fekk stillinga som diakon/ kyrkjelydspedagog i Nord-Fron i august i fjar, flytte familien frå Island seg i Heidal. Ektefelle Gretar Sigurdsson sokneprest i Vågå, altså i prostiprest-juni.

Tre av borna eldste av dei med eit år Vestby, medan bur heime. barnebarn er etablert på



bur i Noreg; den er akkurat ferdig på folkehøgskule i dei to yngste framleis Tre vaksne barn og et Island.

"Eg elskar den vakre naturen i Noreg, og kjenner meg veldig heime her i dalen," seier Lísa. "Eg er så glad i å treffen menneske og bli kjend med dei, og er veldig interessert i det personlige møtet. Nær og god kontakt med familien både her og på Island betyr mykje, og med moderne teknologi og internett-telefoni kjennest ikkje avstanden så altfor stor." Når kvelden kjem, let ho gjerne augo falle på ei god bok eller ei episode av Agatha Christie.

Lísa vil tenestegjere i heile Nord-Gudbrandsdal prosti, og får frå hausten av hovudansvar for konfirmantane i Heidal og Nord-Sel

LOM KYRKJEKOMMUNE

Trefftid på KYRKJEKONTORET
4. etasje på Midtgard måndag til fredag
kl. 10:00 - 14:00

Postadresse: Postboks 177, 2688 Lom
Bankkonto: 2085 07 11772

LEIAR LOM KYRKJELEGE RÅD
Steinar Hov, tlf. 951 44 910
steinar.hov@gmail.com

SOKNEPREST

Einar Gelius, tlf. 61 21 73 40
Prestegarden: 906 55 838
soknepresten@lom.kommune.no

KYRKJEVERJE

Borghild Skarelven, tlf. 61 21 73 38
kyrkjeverje@lom.kommune.no

KYRKJELYDSSEKRETÆR

Gunn Berit Vole Mork, tlf. 61 21 73 39
kyrkjelydssekreter@lom.kommune.no

TRUSOPPLÆRAR

Guri Husom
guri.husom@lom.kommune.no

ORGANIST, KYRKJETENAR

Terje Blakarstugun

KYRKJETENAR

Jonas Fjeld

tlf. Lom kyrkje, 61 21 16 75
kl. 10:00 – 14:00

tlf. Garmo og Bøverdal kyrkjer,
400 62 194 kl. 10:00 – 14:00
kyrkjetenar@lom.kommune.no

BLOMEFONDET

Bankkontonr.: 2085.07.11772

OMVISARTENESTA

Tlf. 97 07 53 97

booking.lomstavechurch@lom.kommune.no

KYRKJEBLAD FOR LOM

Redaksjonsgruppe: Anna Magni Larsen,
Anne Sulheim, Aud Kvamme,
kyrkjelydssekretæren og soknepresten

UTFORMING/SIDEOPPSETT

Ola Ø. Rossehaug &
Gunn Berit Vole Mork

TRYKK

Dale-Gudbrands Trykkeri as,
tlf. 61 27 73 50
lasse@dg-trykk.no

Presten sine tankar

Alf Prøysen har ei fornøyeleg vise som heiter «I Bakvendlan» :
«I Bakvendlan, der kan alt gå an – der er de like tøysete og rare alle mann.»

I Bakvendlan passar eigentleg utroleg godt på mange av bibelfortellingane om Jesus. For ofte er ting snudd på hovudet hjå Jesus. Noko av det mest særeigne ved fortellingane, er at dei gong på gong skildrar tilhøve, som etter vår vurdering er i Bakvendlan. Tenk på soga om sonen og far hans. Om sonen som sette heile sin arv over styr, og som vert teken imot av far sin med opne armar, utan vilkår og utan krav. Me hadde nok forventa ein annan reaksjon – at faren skulle ta eit oppgjer med sonen sin som hadde brukt opp

heile arven og levd eit vilt liv. Eller tenk på soga om den lite miskunnsame tenaren og kongen – om tenaren som hadde ein gjeld på langt over 100 millionar kroner til sin konge – og som får sletta heile gjelda, utan vilkår, utan krav – ganske enkelt fordi han ber om det.

Eg trur neppe nokon kreditorar i vår tid ville ha ettergjeve ein gjeld på 100 millionar kroner – av rein medkjensle.

Men i Bakvendlan, der kan alt gå an. Og Jesus verken tøyser eller er rar. Han meiner alvor med det han gjer. Og Jesus gjer ikkje det me forventar at han skal gjere – han gjer det han sjølv vil.

Tenk på borna, kvinnene, prostituerte, tollarar og syndarar – han tok inn hjå dei, såg dei og bekrefta dei. Menneske som i utgangspunktet var vonlause, oppgjevne, som ikkje passa inn i den aksepterte ramma, menneske som på ein eller annan måte var annleis eller hadde felt utafor samfunnet, menneske som var verdilause i andre sine augo – desse menneska vart i Jesu nærvær lyfta fram og opp.

For i Jesu augo er eitkvart menneske heilagt og ukrenkjande. Me menneske har ein verdi – utan at oss skal yta noko. Du hugsar kan hende soga om den rike unge

mannen som spurde Jesus kva godt han skulle gjera for å få evig liv? Han hadde halde alle boda, men så seier Jesus til han: vil du vera heilhjarta, så gå då bort og sel alt du eiger og gjev det til dei fattige. Og så er det at Jesus seier dei kjende orda: «Det er lettare for

ein kamel å gå gjennom eit nålauge enn for ein rik å koma inn i Guds rike». Disiplane vart naturleg nok heilt forskrekka og spurde:

«Kven kan då verta frelst?» Men Jesus seier: «For menneske er dette umogeleg, men for Gud er alt mogeleg.»

Peter og dei andre disiplane er framleis usikre og spør: «Kva så med oss?»

Det er då Jesus seier dessa orda: «Men mange av dei fyrste skal verta dei siste, og dei siste skal verta dei fyrste.»

I Bakvendlan, der kan alt gå an. Jesus gjer ikkje det me ventar at han skal gjera. Han gjer det han sjølv vil. Han snur det meste på hovudet – fordi han har berre ein målestokk når det gjeld oss menneske: nemleg kjærleik og nåde.

Dei menneske me setter sist, setter Jesus fyrst. Den prostituerte er like mykje verd som Jomfru Maria. Røvaren på korset har den same verdi som disiplane.

Så god er Jesus, at han deler alt sitt med oss. Han gjev oss av sin nåde i den heilage dåpen og i den heilage nattverden.

Så kan me kan hende meine at Jesu verdiskala i Bakvendlan kan virke både urimeleg og urettferdig – men slik er Jesus. Han er bare god. Og for han er eit kvart menneske like mye verdt.

150 år sidan Lom og Skjåk vart delt

Kvifor skilde dei lag?

Lom og Skjåk var tidlegare eit prestegjeld med Lomskyrkja som hovudkyrkje, og med annektskyrkjer i Skjåk og Garmo. Dette prestegjeldet var sett på som eit feitt prestegjeld med bra inntekter for presten. Det var stort, - ja, så stort at det var i meste laget for ein prest. Likevel var dei geistlege skeptiske til deling. Strømsø som var prest her fram til 1851, meinte at dei

Kanskje såg dei det som enklare å få gjennomført kyrkjebygging om prestegjeldet vart delt?

Nemnda konkluderte med at dei tilrådde ei deling. Dei hadde sett på at folketaket ville bli nokså likt i dei to sokna. Dessutan ville skattegrunnlaget målt etter matrikkelksylda bli nokså jamstort.

Den 20. november 1858 gjorde kommunestyret eit samrøystes vedtak der dei tilrådde deling av prestegjeldet. Ved kongeleg resolusjon vart det bestemt at Skjåk skulle bli eit eige prestegjeld med verknad frå 13. desember 1863.


Men nemnda som var sett ned for å vurdere deling av kyrkjesoknet, uttala seg ikkje berre om soknet. I Skjåk bygdebok kan vi lese dette: «Nemnda av 1857 meinte at ved ei eventuell deling av prestegjeldet ville det vera «en Selvfølge» at også fattigvesenet vart delt. Likeeins hevda dei at det var «en Nødvendighed» for dei to nye prestegjelda å få kvart sitt skulevesen. Og vidare: «Da Skiager Sogn saaledes vil blive udgjørende en egen Praestegjeldskommune, saa er det en Selvfølge at den maa erholde selvstændige Kommunalindretninger i enhver henseende, altså ogsaa eget Kommuneregneskab.»» Presten hadde ansvaret for fattigvesenet i bygda saman med rodemannen i grendene.

måtte ha såpass inntekter på grunn av «Præstegjeldets isolerede beliggenhed og haarde Klima».

I 1850 reiste skjåkveren Ola Sivertsen forslag i kommunestyret om deling av prestegjeldet, men utan at det skjedde noko meir. Fyrst i 1857 valde kommunestyret ei nemnd som skulle sjå på dette spørsmålet. I denne nemnda sat det to frå Lom, Olav G. Kvaale og Erik Rusten, og to frå Skjåk, Ola Sivertsen og Ola Grimstad. Eirik Rusten og Ola Sivertsen var båe pådrivarar for å få bygd nye kyrkjer i kvar si grend: Bøverdal og Nordberg. Det var langt frå utkantane og til hovudsoknet. Det kunne vera ein utfordrande kyrkjeveg med t.d. eit lite dåpsbarn ein kald vinterdag, eller ei kiste som skulle fraktast nedover kløvvegen i øvre Bøverdal.



Presten hadde òg tilsyn med skulane. Av den grunn meinte altså nemnda at det ville vera naturleg at prestane fekk ansvar for desse oppgåvene i kvart sitt sokn ved ei deling. På den måten ville både fattigvesenet og skulevesenet bli delt. Og slik vart det! Men sjølv sagt var det ikkje, for etter lova kunne soknet delast utan at det fekk slike konsekvensar. Når Skjåk også fekk sin eigen kommuneøkonomi, var grunnlaget lagt for deling i to kommunar. Den 3. september 1864 vedtok kommunestyret at kommunen skulle delast. Dette vart nærmast sett på som ein formalitet. Seinare same året vart vedtaket godkjent ved kongeleg resolusjon. Skjåk vart eigen kommune 1. januar 1866.



Prestane på denne tida:
Hans Strømsø, 1840 – 1851
Nils Julius Aars, 1851 – 1862
Honoratus Halling, 1862–1875

Kjelder:

- Hosar, Hans.: «Skjåk bygdebok» band 3, 1998
- Nordberg kyrkje 100 år. Utgjeve av Nordberg sokneråd 1964.
- Bøverdal kyrkje 150 år. Utgjeve av Lom kyrkjelege råd 2014.

Konfirmantar i Lom kyrkje laurdag 21. mai 2016:



FOTO: Lars Kurt Haugen
Per Steinar Løkken

Fyrste rad frå venstre: Sokneprest Einar Gelius, Ingrid Aas Haugtredet, Rønnaug Mork, Marthe Kvåle, Line Kjørren, Elise Øverli Bore, Mari Husom Kjørren, Live Marie Kleiven.

Andre rad frå venstre: Jens Fossen, Vemund Fyrun, Gorm Kvikstad, Einar Magnus Aukrust, Brit Irene Mork, Torhild Brenna, Åsmund Risheim, Marcus Antonio Vole, Erik Vaagaasar.

Tredje rad frå venstre: Amund Olav Rusten, Martin Sæter, Ørjan Nørjordet, Reidar Aurmo, Håkon Kjørren.

Konfirmantar i Garmo kyrkje laurdag 28. mai 2016:



Frå venstre: Erlend Vangberg, sokneprest Einar Gelius og Vårhild Bakke Berntzen.

Konfirmasjon 2017

Denne veka vil det vere innskriving for konfirmasjon våren 2017, og allereie om tre veker reiser vi på konfirmantur til Trondheim.

I juni inviterte vi til informasjonsmøte om konfirmasjonstida, og det var overveldande oppmøte av ungdomar og føresette. På dette møtet var sjølvsagt tidspunkt for konfirmasjonane eit tema, og fleirtalet ynskte konfirmasjon i Garmo og Bøverdal same dag for å unngå Flåklypa-helga.

Tidspunkta for konfirmasjon neste år vert difor:

Lom kyrkje laurdag 20. mai 2017 kl. 11:00

Garmo kyrkje laurdag 3. juni 2017 kl. 11:00

Bøverdal kyrkje laurdag 3. juni 2017 kl. 14:00.

Glimt frå tru



Vi rettar ein stor takk til Linda Trøen
(Gudbrandsdalsmusea), Ottar Nyøygard og Nils
Teigen for god hjelp!



Sidan siste h
ved å lære
og vatna m
skulen! 4-i
korleis vek

usopplæringa



Det har 6-åringane førebudd seg til skuleskart
med skjeltreko. Vi ønskjer dei lykke til på
4-åringane har sådd frø, og vi er spente på
vekstene vart.

Til hausten inviterer vi 4-åringane
til kyrkje for å gje dei «Mi eiga
kyrkjebok». Kan hende vi får sjå
resultat frå da dei sådde frø òg?

REISEBREV: Kyrkjelydstur til Maihaugen 12. juni



Sundag morgen 12. juni sette vi nasen mot Lillehammer på kyrkjelydstur. Målet for dagen var Maihaugen og gamle Garmo kyrkje.

Undervegs prata vi om historia til den gamle kyrkja, og om Trond Ekelshagen som har hovudetra for at gamle Garmo kyrkje står som ho gjør i dag på Maihaugen. På Maihaugen var det vi hadde kaffirast ved Sør-Trønd kyrkje. På Maihaugen var det gudsteneste i kyrkja ved sokneprest Einar og organist Terje. Etter messa åt vi middag i kafeteriaen på Maihaugen, og utforska området elles med alle dei gamle bygningane.

Lom kyrklege rád ønsker å takke alle som meldte seg på og var med på turen. Utan dikk kunne ikkje turen vere gjemomført. Særs trivelig var det at deltakarane på turen var såpass spreidd i alder, frå 12 til 86 år!

Til alle lesarar av Kyrkjebladet i Lom

2686 LOM

NOREG

Foto: Torø Barlund og Arvid Brustuen



Framsidebiletet denne utgåva:

Biletet på framsida syner tre born som vart borne til dåp ved Dalsvatnet sundag 28. august, og familiene.

Til venstre: Kristin Frøise og Jan Stian Bruhaugen med storesyster Martine og dåpsguten Christer Elias.

I midten: Katrin Adriana Egea Furseth og Olve Gaustad med storebror Storm og dåpsguten Odin.

Til høgre: Anette Bersu og Yngve Stee med storebror Birk og dåpsjenta Hedda.

Framhald frå førre utgåve:

Prestegardens kvinneforening 140 år

Om Prestegardens kvinneforening for Det norske misjonsselskap. Er det eldste foreining i bygda som enno går?

tekst: Oddbjørg Blakar

Og da vart det retteleg omskifte: neste presten var ei dame, aleine i prestegarden. «Synnøve prest» som barnekoret ved velkomstmessan døypte ho, hadde mange jern i elden, også utanom tenesta i Lom, og var mykje borte. Men når det passa ho, var vi velkomne til ho på møte. Synnøve var fødd i Japan, hadde mellom/tilleggsnamnet Sakura, + Heggem, og det passa bra med vår misjonsinteresse. Ho hadde born som var vaksne, og da ho vart bestemor ynskte ho å kome nærmare familien. Og var heldig og fekk prestetenest i kommunen ho kom frå. Slik gjekk det til at prestegarden fekk ein ny brukar, også ein einsleg person – med born eit stikkje unna – Einar «Prest» Gellius. Prestegardsforeininga har for lengst sett at det er råd å ambulere til heimane i ymse grender. Medlemene kjem ikkje

berre «gåande», slik Magna Smith skreiv i dagboka. Dei brukar bil.

Gjennom fleire år har vi vore så heldige at Anna Magni Larsen har vore leiar i foreininga. Ho er tilsett ved Sandom retreatsenter, og er tidlegare Japan-misjonær. Så ho veit vel kva det dreiar seg om: å støtte det Norske misjonsselskap, slik det er for dei mange kvinneforeiningane i landet. Vi kjenner at prestegardsforeininga er i trygge hender.

Omsider dukka det opp ei møtebok, med rekneskapoversikt. Der ser ein – svart på kvitt – kva dei har drive med: Det har alltid vore andakt, anten av presten eller nokon har lese ei slik. Så har det vore kollekt eller loddosal, føre ei gild kaffistund. Etter maten har det i mange år vore eit fast takkevers, skrive av Borghild Falling. Og song. Stundom har det vore gjest fra NMS, eller opplyst om misjonsstoff.

Frå rekneskap gjennom 20 år, går det fram at det har vore sendt ca. 260 000,- kroner til NMS, eller

bibelselskapet. Der er det også basarpengar, for heilt til seinare tid var det fast basar 3. påskedag. Det vart det slutt på, det vart lite att etter mykje arbeid, føreåt og etterpå.

Det var vekslande medlemstal. Stundom berre så vidt det heldt fram. Det har nok vore «glade gjevarar», for det vart ein stor sum når ein la saman.

Ein gong det vart ymta på å «legge ned», kom det ei oppmoding frå ei som ikkje lenger orka å gå dit: «Døkk må inkje gje upp, for så lenge døkk er tvæ eller tri ligg det ein lovnad ved».

Herfrå går ein stor takk til m.a. Torø Resvoll som heldt varmen ved like til nye prestefolk kom – slik det også vart gjort av nokon vi ikkje kjende! Takk til alle prestefruene som gjennom åra har teke over stafettspinnen! Takk til alle dei som har hjelpt til på ymse vis for at Prestegardens kvinneforeining har kunna prøvt å fylle ein liten post av det store oppdraget «å spreie» Den Gode Bodskapen.

Prestegardens Kvinneforening - 140 år

Denne foreininga er ei av dei eldste i Gudbrandsdalen som framleis er i gang. Vi har vald å markere jubileet først og fremst ved å ta fram foreininga si historie i kyrkjebladet. Denne historia er ein del av Lom si lokalhistorie, og mange av dykk har kan hende minne frå barndom og ungdom, om mødrer og bestemødrer på veg til foreining i prestegarden, og rundt om i gardane. Dei hadde utsyn, dei såg lengre enn sin eigen navle, og dei ville vere med i Herren si teneste som best dei kunne.

Foreininga arbeider for Det norske Misjonsselskap, som vart starta i 1842. Framleis støtter NMS kyrkjer og utviklingsprosjekt i mange land, sjølv om dei sender ut færre misjonærar enn før. Oppdraget er det same - å gjøre Jesu kjærleik kjend i verda, i ord og handling.

Jubileet skal markerast på messa i Garmo kyrkje sundag 13. november klokka 11:00. Då kjem Else Storaas Vatne, som er regionsleiar i Region aust av Det norske Misjonsselskap. I tillegg kjem besøk frå regionskontoret i Oslo, og frå Gudbrandsdal Område av NMS. Vi vonar at

mange vil kome til messe den dagen. Etter messa inviterer vi til kyrkjegraut på Sandom. Det vert sagt at når misjonskvinnene var samla for over hundre år sidan, var grauten eit fast innslag på møta. Så vi tek opp att ein gammal tradisjon! Dette vert eit unikt høve til å få eit innblikk i ein del av lokalhistoria i Lom, sett i samband med den verdsvide rørsla som misjonsforeiningane er med i. Vi takkar Gud for at vi har fått vore med i denne samanhengen i alle desse åra, og for dei trufaste kvinnene som synte veg.

Anna Magni Larsen

KONFIRMANTJUBILEUM

Helga 20.-21. august var det skipa til konfirmandjubileum for 60-, 70- og 80-årskonfirmandar frå dei tre kyrkjene våre. Som tidlegare skrive var det ikkje konfirmasjon i bygda vår i 1966 grunna omlegging i undervisinga. Difor var det heller ikkje 50-årskonfirmandar i år.

Jubilantane møttes til festmiddag og mimring laurdag kveld. Sidan tok dei del i messa sundag formiddag, før dei runda av med kaffe og kaker samt meir mimring. Attendumeldingar frå dei frammøtte gjekk på at dette vart ei triveleg helg.

PS-foto frå Skjåk fotograferte jubilantane, og her er biletet:

Av inviterte 80-års konfirmandar møtte ei dame. Ho stod konfirmand i Lomskyrkja 11. oktober 1936.



Sprek 80-årskonfirmand: Embjørg Kristine (Øverli) Melgård

Kyrkjeblad for Lom

70-års konfirmantar (konfirmerte i Lom kyrkje 22. september 1946, i Garmo kyrkje 29. september 1946 og i Bøverdal kyrkje 6. oktober 1946)



Fyrste rad frå venstre: Alf Holø, Eli (Biløygard) Langøygard, Liv Kirkeby Skinne, Anne Kristine (Moen) Horten, Solveig Anna (Kveom) Hansen, Ragnar Amund Kleiven.

Andre rad frå venstre: Ottar Nyøygard, Ragnar Øyjordet, Torleiv Holmestad, Lars Brustugun.

60-års konfirmantar (konfirmerte i Lom kyrkje 23. september 1956, i Garmo kyrkje 30. september 1956 og i Bøverdal kyrkje 7. oktober 1956)



Fyrste rad frå venstre: Jorunn (Ofigsbo) Kvaale, Liv Torunn Nyøygard, Ragnhild Lovise (Bakken) Johansen, Mary Johanne (Larsen) Sveen, Hilda (Garmo) Brekka, Reidun (Runningen) Nustad, Marit Bergljot (Wiker) Moen, Anna (Lyngved) Fjellstad.

Andre rad frå venstre: Odd Magnar Husom, Magnar Aukrust, Torunn Magnhild (Krøkje) Sygård, Eldbjørg Grindstugun, Margot (Øyjordet) Bosmen, Olgeir Marstein, Arne Pål Turtumøygard. Tredje rad frå venstre: Christian Vole, Helge Solbakken, Åge Runningen, Erling Synstnes, Oddmund Lunna, Arvid Juland, Per Hidemstrædet.


LJOS VAKEN -



I år som i fjor reiste vi til prestehytta ved Dalsvatnet med ein fin gjeng 11- og 12-åringar frå Lom og Skjåk. Lom sin variant av «Ljos vaken» foregår for det meste ute, og vi sov i telt eller lavvo. I år vart 11-åringane kjende med Kristuskransen i området kring prestehytta, medan 12-åringane gjekk tur. Utover kvelden vart det både fisking, bålkos, leik i myrket, spel og mykje anna. Sundag vart det messe ute ved prestehytta, og mange fann vegen

til Dalsvatnet denne dagen. Vi feira barnedåp av tre born (sjå framsida), 11-åringane fortalte om Kristuskransen, og 12-åringane var ministrantar. Etter messa vart det servert kaffe og kaker, samt fisk steikt på bål.

Vi vil rette ein stor takk til Anne-Karin Apalseth, Eldri Bjørnstad Kolden, Christian Vole og Øyvind Mork for all god hjelp med «Ljos vaken». Utan hjelpa frå desse fire, hadde det ikkje vore mogleg å gjennomføre dette tiltaket.



→ VED DALSVATNET



GUDSTENESTEPLAN

Jf. samarbeid med Skjåk: Dei helgene det ikkje er messe i Lom kyrkjekommune, er det som regel messe i Skjåk kyrkjekommune – og omvendt.
Sjå meir informasjon under messeplanen.

Sundag 04.09. 16. sundag i treeiningstida
LOM KYRKJE kl. 11:00.
Messe i samband med Diktardagar. Barnedåp.
Lomsklangen deltek.

Laurdag 17.09.
GARMO KYRKJE kl. 18:00 (**MERK TIDA!**).
Kveldsmesse med nattverd.

Onsdag 28.09.
LOM HELSEHEIM kl. 11:00.
Kvardagsmesse.

Sundag 02.10. 20. sundag i treeiningstida
• GARMO KYRKJE kl. 11:00.
Messe.
• BØVERDAL KYRKJE kl. 19:30.
Kveldsmesse med konfirmantpresentasjon. Kom og møt/sjå konfirmantane som går for presten dette året.
Offer til konfirmantarbeidet.

Sundag 16.10. 22. sundag i treeiningstida
LOM KYRKJE kl. 11:00.
Hausttakkesmesse med nattverdsbrød baka av 5-åringane i bygda. Konfirmantar deler ut «Mi eiga kyrkjebok» til 4-åringane. Offer til trusopplæringa i bygda.

Onsdag 26.10.
LOM HELSEHEIM kl. 11:00.
Kvardagsmesse.

Atterhald om endringar i gudstenesteplanen: Sjå fast annonse i Fjuken, GD-Puls både på nett og i papirutgåva, i kalenderen hjå www.lom.kommune.no, på vår heimeside: <http://www.lom.kommune.no/kyrkja.136853.nn.html>
eller fylg oss på Facebook: Lom Kyrkjekommune
Messer i Skjåk kyrkjekommune finn du her: <http://skjaak.kirken.no/>

Nytt frå kyrkjekontoret:

Grunna tilbod om anna arbeid har Gunn Berit Vole Mork søkt om – og fått – eitt års permisjon frå stillinga som trusopplærar som er på 30%. Ho held fram som kyrkjelydssekretær i 50% ved sidan av den nye jobben.

Den som tek over stillinga med trusopplæring frå 1. september, er Guri Husom. Ho er frå før godt kjend i staben, etter nokre sesongar som blomefondtilsett. Velkommen på laget!

Sundag 06.11. Helgemessesundag
LOM KYRKJE kl. 19:30.
Helgemesse. Vi minnest dei som har gått bort det siste året.

Sundag 13.11. 26. sundag i treeiningstida
• GARMO KYRKJE kl. 11:00. Messe med markering av prestegarden kvinneforening sitt 140-årsjubileum
• BØVERDAL KYRKJE kl. 19:30. Kveldsmesse

Onsdag 23.11.
LOM HELSEHEIM kl. 11:00.
Kvardagsmesse.

Sundag 27.11. 1. sundag i adventstida
LOM KYRKJE kl. 15:00.
Ljosmesse der konfirmantane deltek. 3-åringane er inviterte for å få sin eigen adventkalender. Offer til eige arbeid. Etter messa går vi i fakkeltog til Bergom, der juletrevert vert tent.

Sundag 27.11. 1. sundag i adventstida
GARMO KYRKJE kl. 18:00. (**MERK TIDA!**)
Ljosmesse der konfirmantane deltek. 3-åringane er inviterte for å få sin eigen adventkalender. Offer til eige arbeid.

Sundag 04.12. 2. sundag i adventstida
BØVERDAL KYRKJE kl. 17:00. (**MERK TIDA!**)
Ljosmesse der konfirmantane deltek. 3-åringane er inviterte for å få sin eigen adventkalender. Offer til eige arbeid.

Lik Lom kyrkjekommune på facebook!
facebook.com/lomkyrkjekommune



Glimt frå tidlegare årgangar

Her er utdrag frå blad nr. 7 frå 1946, som kom ut 15. september det året.
(Vi ser at det å reise på tur med konfirmantane slett ikkje er av nyare dato)

Konfirmanttur til Stryn.

Denne turen skulle ha vært i vår, men ble utsatt på grunn av bilskade. Da det viste seg å være interesse for å få den i høst midt i frukttida, drog vi avgårde tirsdag 10. september. Det var ikkje lugumt å ta i vei i regnvær, men då det ikkje lot seg gjøre å utsette den, startet vi allikevel. Og det skal sies at det ble en gild tur tiltross for at det ble noe kaldt på føttene. Fjellet lå der i sin vakreste høstskrud med en farveprakt som på ingen annen årstid. Bjerka og ospa sto der i sin gule farge, lyngen fiolett og innimellom røde tepper av blåbærlyng. Grana og furua med sin eviggrønne farge bi-

dro til enda en nyanse i fargeprakten. De ville fjelltopper med sine ibrearmar med blå fjellvann ved foten ga et mektig og betagende inntrykk!

Nedstigningen til Hjelle var storslagen og temmelig nervepirrende. I liene langs Strynsvannet bugnet det av epler og pærer og plommer. Da det på Toming ble høve til å slukke sin hunger på frukt og provianten litt for tilbaketuren, ble vår lille utflukt en gild opplevese og et minne for livet for de fleste av oss som gjorde denne reisen for første gang.

Stemningen både i bussen og lastebilen var hele tiden upåklagelig, så det var en glad og tilfrets ungdomsflokk som ankom til sine heimer ved 7—8-tiden om kvel-

I kyrkjeblad nr. 8 frå 15. oktober 1946 er sjølve konfirmasjonen i Lomskyrkja 22. september 1946 skildra:

Konfirmasjonen

i hovudkyrkja var ei høgtidsstund.

Veret var uppljost, og frampå dagen kom soli, og vi fekk ein av desse vedunderleg vakre septemberdagane med stålblå himmel, varm sol og fjell som blødde i rust og raudt.

Kst. sokneprest Johannessen heldt ei frisk og djup preike over dagens tekst og samla oss mest um spørsmålet: Kva skal vi gjera med Jesus?

Overhoringa av konfirmantane var planlagd og gjekk greitt frå hand. Emnet var kyrkjeåret. Det synes for mange å vera eit turt emne, men soleis som det vart handsama den dagen, var det både lærerikt og uppbyggjeleg. Samtala kom nemleg ogso inn på teksten dei ymse helgedagane, so ein fekk ein glytt inn i samanhengen og Guds plan til frelsa.

Kyrkja var fullsett som ho plar vera

slike dagar av foreldre og sysken åt kon-

slike dagar av foreldre og sysken åt konfirmantane, men elles av mange andre og. Og dei gjorde seg og sine tankar. Kanskje dei først krinsa kring det meir materielle: Ogso i år hadde foreldra greitt å skaffa konfirmantane klede og sko og anna som høyrer med, med mykje strev og utruleg kostnad, so det var ein vakker og velkledd flokk gutter og gjenter som med presten i brodden skreid inn i kyrkja.

Korleis skal det gå dei i verdi? Og varme ynskje og inderlege bøner vart sende upp til den høgste, både under sjølve konfirmasjons-handlinga og når det vart bede: Leid ungdomen på dine vegar! Gjev dei nåde til forsaking og tru!

Og vi eldre mintest vår eigen konfirmasjon, bøyde vårt hovud og tenkte på den lovnaden vi gav: at vi ville verta verande i vår dåpspakt til vår salige død.

O. K.

Heim og ætt



Døpte:

Garmo:

24.07.16: Sigrid Sætrom Steinehaugen (døypt i Dovre kyrkje)
31.07.16: Trym Synslien Husom (døypt på gamle Garmo kyrkjetomt)
28.08.16: Christer Elias Bruhaugen (døypt ved Dalsvatnet)

Lom:

- 27.03.16: Therese Aamodt Eggen (vi orsakar feil dato i førre nummer)
- 15.05.16: Rønnaug Mork
- 26.06.16: Alma Fjeldberg Kvehaugen
- 24.07.16: Jo Kristen Veggum Kjæstad
- 24.07.16: Iver Kjæstad, - Lillehammer
- 29.07.16: Mathea Haukdalen Brandsar, - Lillehammer
- 28.08.16: Odin Egea Gaukstad (døypt ved Dalsvatnet)
- 28.08.16: Hedda Stee (døypt ved Dalsvatnet)

Bøverdalen:

24.07.16: Ask Smedsmo Vole (døypt i Lom kyrkje)
31.07.16: Aanond Johannes Aabø (døypt på gamle Garmo kyrkjetomt)

Vigde:

Bøverdalen:

- 11.06.16: Hugo Christoffer Corneliusen Hallen og Geir Brevik, (kyrkjeleg velsigning i Gjendebu), ☎ Trondheim.
- 08.07.16: Helen Persson og Jacob Westerberg (vigde på fjellet Kyrkja), ☎ Hamar.
- 30.07.16: Unni Kvålshagen og Ole Johannes Rinden Kristiansen, ☎ Lena.



Lom:

- 09.07.16: Petra Maria Lundgren og Timmi Gunnar Rask, ☎ Arvika, Sverige.
- 06.08.16: Ingrid Aas og Hans Erik Sandvoll, ☎ Lillehammer.
- 20.08.16: Live Gran Kielland og Steffen Kjønnås, ☎ Skjåk.
- 20.08.16: Bjørg Eva Sletten og Matthew James Drennan McCallum Neil, ☎ Melbourne, Victoria, Australia.

Jordfesta:

Garmo:

19.05.16: Håkon Olav Randen, f. 1945

26.08.16: Knut Kjøk, f. 1948

Lom:

06.05.16: Signe Blakarstugun, f. 1937

26.05.16: Ola Mattiassen Sveinhaug, f. 1925

27.06.16: Vera Margrethe Henriksen, f. 1927

02.07.16: Anna Randen, f. 1920 (jordfesta i Vågå)

05.07.16: Agnes Kveom, f. 1932

22.07.16: Reidar Blakarstugun, f. 1957

03.08.16: Sigrun-Anne-Lise Marstein, f. 1940



Status nytt kyrkjelydsbygg i Lom.
Mange spør korleis det går med planane om nytt kyrkjelydsbygg i Lom. Riksantikvaren har stilt seg positiv til planane, men fylkesmannen krev arkeologiske undersøkingar før vi kjem vidare. Nemnte undersøking er no bestilt, og vi vonar vi kan kome med meir nytt kring dette i neste utgåve av kyrkjebladet.

Ei viktig påminning

Vi finn det naudsnt å minne om §5 i vedtekten for kyrkjegardane i Lom kommune, da fleire diverre ikkje overheld denne:

§5 PLANTEFELT

Framfor gravminnet er det høve til å opparbeide eit plantefelt i høgd med bakken rundt. Plantefeltet må ikkje vera breiare enn breidda på gravminnet, men kan i alle høve vere opp til 60cm breitt. Det kan ikkje stikke lenger fram enn 60cm målt frå bakkanten av gravminnet.

Det kan ikkje plantast vokstrar som er høgare enn gravminnet eller går ut over plantefeltet.

Det er ikkje høve til å bruke faste dekorting, så som liggjande plater, blomsterurner, lykter m.v. i plantefeltet. Lause dekorting skal fjernast etter bruk.

Det skal ikkje vera noko form for innramming av ei grav eller eit gravfeste. Den som er ansvarleg for frigrav eller er gravfestar, har rett og plikt til å stelle den grava han har ansvaret for. Så langt midlar frå minnegåver ved gravferder (Blomefondet) strekk til, syter soknerådet kvart år for planting på alle graver og vedlikehald av plantefelta i veksttida.

Vi vil samstundes minne om at det ikkje er tillate å setje levande ljós på gravene.

Frist for innsending av stoff til neste kyrkjeblad er 15. nov. 2016!

PRESTANE SIN VAKTTELEFON I
NORD-GUDBRANDSDAL:

VAKTNUMMER: 414 81 457


Kveld/natt: Kvardagar kl 17:00 - 09:00

Helg: Fredag kl 17:00 - Måndag kl 08:00

Minitelefondkatalog for Lom kommune


A vintage laboratory apparatus, likely a vacuum or pressure chamber. It features a large, dark, rectangular glass vessel with a metal frame and lid. A glass tube with a stopcock is attached to the left side. The vessel sits on a stand with a circular base. A black cylindrical component, possibly a pump or motor, is attached to the right side. A power cord is visible on the far right.

WOT





Llik Lomkommune på facebook!
facebook.com/lomkommune



KINOFRAMSYNINGAR:
I Utgård er det no Kino annankvar
Freitag! Kinoverkska og annan
informasjon finn du på heimesidene
til Utgård: www.lom.no

UTGÅRD



- Vi kan køyre heim varene dine frå butikken etter at du har ringt inn di bestilling til butikken.
- Vi køyrrer varene heim til deg på tysdag eller torsdag.
- Varebestillinga må da vera registrert hjå den enkelte butikk seinast dagen før utkøyring.


Dessे butikkane er med:

Coop Bruvoll	992 11 645
Coop Skeimo	61 21 40 65
Bunnpriis Bismo	61 21 43 82
Kiwi Lom	61 21 10 76
Coop Mega Lom	992 11 665
Rema 1000	61 21 11 10
Coop Bøverdalen	992 11 655

**“ATS - Dei Gode Hjelparane vil og vera eit tilbod til pensionistar som vil vera aktive.
Ta kontakt med Magne for meir informasjon!”**

**Vi produserer ved til gunstige prisar,
hovudsakleg til eldre og uføre.**

- Veden blir levert i sekker på 80 liter.
- Vi kan også levera veden, og bera han på plass.



Prisar:
Bjørk kr. 89,- pr. sekk
Furu kr. 70,- pr. sekk

**Skjåk kommunestyre har
vedteke fylgjande prisar for
2015 på våre tenester:**

- Startsats kr. 50,- + mva
(Utgjer adm. og førebuingar)
- Timepris kr. 100,- + mva. pr.
hjelpar
- Heimkøyring av daglegvarer
kr. 50,- + mva (ingen start-
sats)
- Ved flytteoppdrag kjem stat-
ens satsar pr. km i tillegg

For registrering av oppdrag tek
de kontakt med:
Magne Thorstad tlf. **920 22 825**,
eventuelt
Servicetorget i Skjåk kommune
på tlf. **61 21 70 00**, eller
servicetorget i Lom kommune
på tlf. **61 21 73 00**

Prisane blir vurdert kvart år, nye
prisar blir kunngjort i Fjukken og
på facebook.
Tlf. **997 12 788**

ATS - Dei Gode Hjelparane

Arbeidstreningssenteret

Lom og Skjåk

facebook.com/bruktbue
avdeling Lom: **997 12 788**
Tlf administrasjon/jobb-bestilling: **920 22 825**
epost: **magne.thorstad@skjaak.kommune.no**

Skjåkvegen 527
Tlf butikk: **904 07 922**

Avd. leiar i Lom
Kjetil Husom
Tlf. **997 12 788**




Lom
nasjonalpark-
landsby

Lom kommune
Sognefjellsvegen 6
2686 Lom
Telefon: 6121 7300
post@lom.kommune.no
www.lom.kommune.no

Lomsnytt

Informasjon frå Lom kommune - nr. 2 2016



Lom